

Saksbehandlar: Audhild Schaathun, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 16/8709-3

## Omstillingsløyvinga 2017

### Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Lærdal kommune** ei løyving på inntil 3 500 000 kr til omstillingsarbeidet i 2017. Unyttta omstillingsmidlar frå tidlegare års løyvingar vert godkjent overført til bruk i 2017.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil i eiga sak seinare i 2017 ta stilling til overføring av restmidlar omstilling 2017 til omstillingsføremål i 2018. Deler av midlane kan øyremerkast omstillingsføremål i Lærdal i 2018, som er Lærdal sitt siste omstillingsår.

#### Vilkår for omstillingsløyvinga

- Det skal leggast vekt på høg kvalitet og god styring i alle prosjekta. Innovasjon Norge sin prosjektleiarprosess (PLP – prosjektlederprosessen) skal nyttast i alle prosjekt
- All støtte til bedrifter skal vere i samsvar med EØS-avtalen sine retningslinjer om offentlig støtte til næringslivet
- Vilkår elles går fram av tilsegnsbrevet

#### Vilkår for øyremerking av omstillingsmidlar til Lærdal 2018

- At kommunen har realistiske planar med innhald og kostnader som tilfredsstillar retningslinjene for omstillingsløyvingar (kap 550 post 60), og at kravet om lokal medfinansiering er oppfylt.

#### Vedlegg:

Søknad frå Lærdal kommune dagsett 16.12.2016 vedlagt handlingsplan for omstillingarbeidet i 2017

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. Samandrag

Lærdal har omstillingsstatus gitt av Sogn og Fjordane fylkeskommune ut 2018. Askvoll hadde omstillingsstatus ut 2016, og arbeidet med evaluering av arbeidet tek til på nyåret. Det er Innovasjon Norge som har ansvaret for evalueringa, som skjer ved bruk av eksternt fagmiljø med erfaring og gode referansar frå liknande arbeid.

Det vert arbeidd godt og målretta med omstillingsarbeidet i Lærdal.

Fylkesdirektøren rår til at Lærdal får omstillingsløyving til gjennomføring av tiltak i samsvar med handlingsplanen for 2017.

## **2. Bakgrunn for saka**

### **2.1. Ekstraordinære omstillingsutfordringar, omstillingsstatus og økonomiske rammer**

Etter oppmoding frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) sender fylkeskommunen kvart år inn eit oversyn over dei omstillingsutfordringane vi ser i kommunar og næringsliv i fylket. Med dette som bakgrunn tildeler KMD skjønsmidlar til omstillingsføremål i Sogn og Fjordane.

For 2017 har vi meldt inn følgjande omstillingsområde:

Lærdal kommune i samarbeid med Årdal

Lærdal har omstillingsstatus gitt av Sogn og Fjordane fylkeskommune ut 2018. Då er dei ferdig med omstillingsprogrammet som kom i gang i 2013. Askvoll hadde omstillingsstatus ut 2016. Det blir gjennomført ei ekstern sluttevaluering i løpet av første halvår 2017.

### **2.2. Løyvingar siste åra**

#### **Løyving 2016**

Kommune	Løyving
Askvoll	1 800 000
Hyllestad	850 000
Lærdal	3 000 000
Sum	5 650 000

#### **Samla ordinære omstillingsmidlar til kommunane Askvoll, Hyllestad og Lærdal 2010 – 2016**

Askvoll	11 222 000
Hyllestad	16 950 000
Lærdal/Årdal	14 940 000
Sum:	43 112 000

### **2.3. Evaluering av langtidseffektar av omstillingsprogram**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet i samarbeid med Innovasjon Norge har sett i gang eit arbeid som skal sjå på langtidseffektane av omstillingsprogram. Næringsseksjonen i fylkeskommunen er representert i referansegruppa. Arbeidet vert utført av Oslo Economics og Agenda Kaupang. I 2010 vart det gjennomført ei liknande undersøking ( Trøndelag Forsking og Utvikling og SINTEF). Vågsøy ( 2005 – 2011, 16 mill.kr.) er ein av seks kommunar forskarane skal gå meir i djupna på.

### **2.4. Ramme 2017**

I 2017 har fylkeskommunen 6 295 000kr til fordeling til omstillingsføremål. 4 800 000 kr er avsett i budsjettet for 2017. I tillegg har fylkeskommunen 1 495 000 kr disponibelt frå tidlegare år.

## **3. Søknaden frå Lærdal og fråsegn frå Innovasjon Norge**

### **3.1 Søknad frå kommunen**

Lærdal kommune skriv mellom anna:

*«Med bakgrunn i vedlagt handlingsplan for 2017, søker Lærdal kommune om kr 3.5 mill. i omstillingsmidlar for 2017. Vi søker i tillegg om overføring av til no unytta omstillingsmidlar, totalt om lag kr 200 000. Sum til overføring er ein førebels prognose, inntil prosjektrekneskapan for 2016 vert avslutta. Tilskotsmidlar frå fylkeskommunen til overføring frå tidlegare år er med dette snart brukt opp. Det vart opparbeida eit etterslep i 2012 og 2013, som skuldast at ein kom seint i gang med omstillingsarbeidet. Hausten 2015 vart omstillingsplanen for omstillingsarbeidet i Lærdal revidert. Den reviderte planen skal vera styringsverktøy for resten av omstillingsperioden. Omstillingsplanen vart revidert for å tilpassa*

styringsverktøyet til ei meir spissa satsing. Den reviderte omstillingsplanen har to programområde, mot fire i den opphavlege. Reduksjonen i tal programområde betyr ei spissa satsing, men dei nye programområda er likevel utforma slik at omstillingsarbeidet skal ha eit heilskapleg utviklingsperspektiv. For detaljar vert synt til den reviderte omstillingsplanen, som vart sendt inn saman med søknad om omstillingsmidlar for 2016. Den opphavlege utviklingsplanen hadde eit tidsperspektiv 2013 – 2017. I samband med omstillingsløyvinga for 2016 fekk Lærdal kommune utvida omstillingsperioden til ut 2018. Handlingsplanen for 2017 føl opp dei strategiane og satsingane som vart lagt gjennom revisjon av omstillingsplanen og i handlingsplanen for 2016. Basert på programstatusvurderinga i 2016, og omstillingsstyret sitt strategiarbeid i haust, er det gjort visse tilpassingar i målformuleringane. Dei kvantitative måleparametrane knytt til sysselsetting og folketal ligg fast, men det er gjort endringar i periodiseringane. Det er også lagt inn nye måleparameter knytt til utviklingsevne. I tillegg er omgrepet «robust næringsstruktur» konkretisert, gjennom å definera kva dette betyr for Lærdal.»

### 3.2. Handlingsplan omstilling Lærdal 2017

<b>A: Vekst i Lærdal</b>	<b>B: Attraktive Lærdal</b>
<p><b>Hovudmål:</b></p> <p>Det natur- og kulturbaserte ressursgrunnlaget skal vere sentralt i alt arbeid med nærings- og samfunnsutvikling, og brukast som fundament for ei breiare satsing på grøn næringsutvikling.</p> <p>Lærdal skal vere leiande på vekst i etablert næringsliv og med knoppskyting innan næringar der kommunen har sterke tradisjonar og naturlege fortrinn.</p>	<p><b>Hovudmål:</b></p> <p>Lærdal skal til ei kvar tid ha tilgjengeleg varierte bustadalternativ og byggjeklare tomter.</p> <p>Lærdal skal vere eit inkluderande og mangfaldig lokalsamfunn der alle skal trivast og vere trygge.</p>
<p><b>Mål:</b></p> <p>Det skal vere minst 1.200 arbeidsplassar i Lærdal innan utgangen av 2020 (1.010 arbeidsplassar i 2012).</p> <p>Vi skal bidra til å skapa minst 5 bedrifter knytt til det grønne skiftet.</p>	<p><b>Mål:</b></p> <p>Det skal vere 2.300 innbyggjarar innan utgangen av 2020 (2.176 i 2012). Det skal vere 525 innbyggjarar i aldersgruppa 20-40 (475 i 2012).</p> <p>Omsetnaden i detaljhandelen skal vekse meir enn landsgjennomsnittet.</p> <p>Tilfredsheitsmåling i 2016 og 2018 blant innbyggjarar i og besøkande til Lærdal, med mål om 10 prosentpoeng forbetring.</p>
<p><b>Ansvarleg for gjennomføring:</b></p> <p>Omstillingsprogrammet</p> <p>Lærdal Næringsutvikling AS</p> <p>Lærdal kommune</p> <p>Næringslivet</p>	<p><b>Ansvarleg for gjennomføring:</b></p> <p>Omstillingsprogrammet</p> <p>Lærdal Næringsutvikling AS</p> <p>Lærdal kommune</p> <p>Næringslivet</p> <p>Arrangørar, lag og organisasjonar</p>
<p><b>Prioriterte prosjekt i 2017</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utvikling Håbakken Næringspark</li> <li>• Tataki (Utviklingskapasitet)</li> <li>• Offentlege arbeidsplassar</li> <li>• Hamn/kaianlegg</li> </ul>	<p><b>Prioriterte prosjekt i 2017</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Levande lokale</li> <li>• Breibandsutbygging</li> <li>• Søkbare midlar – ikkje spesifiserte prosjekt</li> </ul>

<ul style="list-style-type: none"> <li>Søkbare midlar – ikkje spesifiserte prosjekt (Prosjekt med eksterne A-eigarar)</li> </ul>	(Prosjekt med eksterne A-eigarar)
--	-----------------------------------

### Kostnader og finansiering

Utvikling Håbakken Næringspark	Kr 1 300 000
Tataki (Utviklingskapasitet)	Kr 750 000
Offentlege arbeidsplassar	Kr 200 000
Hamn/kaianlegg	Kr 400 000
Søkbare midlar – ikkje spesifiserte prosjekt (Prosjekt med eksterne A-eigarar)	Kr 900 000
<b>Sum kostnader «Vekst i Lærdal»</b>	<b>Kr 3 550 000</b>
Levande lokale	Kr 1 300 000
Breibandsutbygging	Kr 150 000
Søkbare midlar – ikkje spesifiserte prosjekt (Prosjekt med eksterne A-eigarar)	Kr 1 000 000
<b>Sum kostnader «Attraktive Lærdal»</b>	<b>Kr 2 450 000</b>
<b>Administrasjon</b>	<b>Kr 1 000 000</b>
<b>Sum kostnader</b>	<b>Kr 7 000 000</b>
Udisponerte omstillingsmidlar Sogn og Fjordane fylkeskommune	Kr 200 000
Udisponerte omstillingsmidlar Lærdal kommune	Kr 100 000
Udisponerte skjønsmidlar frå KMD	Kr 2 000 000
Eigendel omstillingsmidlar Lærdal kommune 2017	Kr 1 200 000
Søknad omstillingsmidlar Sogn og Fjordane fylkeskommune 2017	Kr 3 500 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>Kr 7 000 000</b>

### 3.2. Fråsegn frå Innovasjon Norge

Innovasjon Norge skriv om arbeidet i Lærdal:

« *Innovasjon Norge skal gjere ei vurderinga av søknaden frå Lærdal kommune om omstillingsmidlar 2017. Grunnlaget for vår vurdering er basert på handlingsplanen for omstillingsprogrammet og IN sin rolle som observatør i styret slik denne rolla er definert av fylkeskommunen.*

#### Vurdering

*Lærdal fekk omstillingsstatus av di kommunen over ein periode mista fleire attraktive arbeidsplassar. Opplysningen 1881 vart avvikla, og Lærdal sjukehus har utfordringar i forhold til strukturendringar i sjukehussektoren. Nabokommunen Årdal hadde problem i samband med at Dooria AS vart avvikla og stadige rasjonaliseringar i Hydro. Det er også demografiske utfordringar i begge kommunane.*

Omstillingsarbeidet er organisert som eit kommunalt prosjekt der Lærdal Næringsutvikling AS er innleigd for å gjere det operative arbeidet. I omstillingsstyret sit ordføraren i Lærdal (styreleiar), ein representant frå Årdal (ordførar), representantar for næringslivet og ein ekstra representant frå kommunen.

Omstillingsplanen for Lærdal vart revidert i 2015 og gjeldande for 2016 – 2018. Saman med denne er det utarbeidd handlingsplan for 2017. Planane er laga i samarbeid med det lokale næringslivet og har som visjon: «Lærdal – Det beste heile året». Planen inneheld to programområde som er:

- A. Vekst i Lærdal
- B. Attraktive Lærdal

Det er også definert nye mål i omstillingsplanen for perioden fram til og med 2018.

Programområdet A skal bidra til at det skal vere 1 200 arbeidsplassar i kommunen og til å skapa minst 5 bedrifter knytt til det grøne skiftet. Programområdet B skal bidra til at det skal vere 2300 innbyggjar innan utgangen av 2018 og 525 av desse skal vere i aldersgruppa 20 – 40 år. Det er også sett som mål at omsetnaden i detaljhandel skal vekse meir enn landsgjennomsnittet, og at tilfredsheitsmålingar blant innbyggjarar og besøkande i Lærdal skal forbetras.

Handlingsplanen for 2017 har fleire prosjekt i begge innsatsområda og fokus ligg på forstudiar og forprosjekt. Hovudsatsinga vert utvikling av Håbakken Næringspark der prosjekt som er knytt til Lærdal sine sterke tradisjonar og det grøne skiftet vert prioritert. Andre viktige element i planen er kompetanseutvikling i næringslivet og tettstads- og buutvikling. Planen har ein kostnad på 7 mill. kr som er noko ambisiøs.

Administrasjonen har ein god og effektiv arbeidsform, og det vert arbeidd godt og planmessig med mange gode prosessar og prosjekt. Dei har gode rutinar og er pådrivarar i utviklingsarbeidet. Styret arbeider også proaktivt, har god kompetanse og samarbeider godt med administrasjonen. Både styret og administrasjonen er forsterka med personar som har tilført programmet erfaring og kompetanse.

Lærdal har hatt ein god sysselsetjingsutvikling i perioden, men når likevel ikkje opp mot det periodiserte målet. Men vi trur likevel at målet om arbeidsplassvekst er innan rekkevidde. Det vert arbeidd med fleire gode prosjekt som førebels berre er i startfasen og resultatata vil sannsynleg kome på noko lengre sikt.

Folketalsutviklinga er framleis på negativ. Ved utgangen av 3. kvaratal 2016 var det registrert 2154 innbyggjarar som er 18 færre enn i slutten av 2015. Det positive er at innbyggartalet i gruppa 20 – 40 år har auka med 8 personer som er tilnærma det periodiserte målet.

Planverk og organisasjon er solid, og vår vurdering er at føresetnadene for å lukkast vidare med omstillingsarbeidet er til stades.

### **Konklusjon**

Med bakgrunn i desse vurderingane vil Innovasjon Norge rå til at det vert løyvd naudsynte midlar til omstillingsarbeidet i Lærdal i 2017.»

## **4. Status i omstillingsarbeidet**

Omstillingsprogrammet har revidert omstillingsplanen og spissa innsatsområder og mål. Måla er periodisert og Handlingsplan 2017 er strukturert og målretta. Det er prosjekt i alle innsatsområda, og fokus er retta mot forstudiar og forprosjekt. Det er for mange prosjekt der omstillingsorganisasjonen ikkje har makta å engasjere næringslivet som A-eigarar og difor sjølv har måtta teke denne rolla. Et par gode unntak er Lærdal Grønt og SIMAS. Det vert arbeidd med næringslivet for å skape ei kulturendring som medfører eit større engasjement for A-eigarskap og nyskaping, og kva dette betyr for ei positiv næringsutvikling i Lærdal. Det er godt samarbeid med kommune og næringsliv og omstillingsorganisasjonen har ein god kommunikasjonsplan. Det vert arbeidd godt med ytterligare konkretisering av mål og korleis desse skal målast og følgjast opp.

Administrasjonen har ei god og effektiv arbeidsform, og det vert arbeidd godt og planmessig med mange prosessar og prosjekt. Dei har gode rutinar og er pådrivarar i utviklingsarbeidet. Styret arbeider også godt, har god kompetanse og samarbeider godt med administrasjonen. Både styret og administrasjonen er forsterka med personar som har tilført programmet erfaring og kompetanse.

Lærdal har hatt ein god sysselsetjingsutvikling i perioden, men når likevel ikkje opp mot målet for perioden. Likevel er målet om arbeidsplassvekst truleg innan rekkevidde. Det vert arbeid med fleire gode prosjekt som førebels berre er i startfasen og resultatata vil truleg kome på noko lengre sikt.

Folketalsutviklinga er framleis negativ. Ved utgangen av 3. kvartal 2016 var det registert 2154 innbyggjarar som er 18 færre enn i slutten av 2015. Det positive er at innbyggartalet i gruppa 20 – 40 år har auka med 8 personer som er nær målet for perioden.

## **5. Vurdering og tilråding**

Fylkeskommunen og Innovasjon Norge har følgd arbeidet i Lærdal tett sidan oppstarten og vil følgje arbeidet i Lærdal som observatørar og rådgjevarar også i 2017.

I omstillingsprogrammet i Lærdal vert det arbeid godt og planmessig med mange gode prosessar og prosjekt. Administrasjon arbeider proaktivt og målretta. Styret er profesjonelt, har ei god samansetting og er særskild aktive, og det er eit godt samarbeid mellom administrasjonen og styret. Lærdal har hatt ei god sysselsetjingsutvikling i perioden, så målet om arbeidsplassvekst er truleg innan rekkevidde. Folketalsutviklinga er framleis negativ. Ved utgangen av 3. kvartal 2016 var det registert 2154 innbyggjarar som er 18 færre enn i slutten av 2015. Det positive er at innbyggartalet i gruppa 20 – 40 år har auka med 8 personer som er nær det periodiserte målet. Fylkesdirektøren har tru på at ekstra satsing på programområde Attraktive Lærdal vil gje resultat på sikt.

### **Tilråding Lærdal**

Fylkesdirektøren rår til at Lærdal kommune får omstillingsmidlar til gjennomføring av handlingsplanen 2017.

### **5.1. Framlegg om løyving 2017 og overføring av restmidlar til omstillingsføremål i 2018**

I 2017 har fylkeskommunen 6 295 000kr til fordeling til omstillingsføremål. 4 800 000 kr er avsett i budsjettet for 2017. I tillegg har fylkeskommunen 1 495 000 kr disponibelt frå tidlegare år.

Fylkesdirektøren tilrår i denne saka følgjande tildeling:

Disponible omstillingsmidlar 2017	6 295 000 kr
Lærdal	<u>3 500 000 kr</u>
Rest	2 795 000 kr

Løyvinga på 3 500 000 vert dekkja med avsette budsjettmidlar for 2017, tenesteområde 7015 Nyskaping

Kommunal og moderniseringsdepartementet (KMD) skriv mellom anna dette i brev til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane dagsett 23.05.2014 i samband med søknaden om attreisings- og utviklingsprogram i Lærdal kommune : «Vidare vil kommunen i 2015 få 5 mill. kroner til omstillingsarbeid. Desse midlane vil bli løyvd til fylkeskommunen, men øyremerka til Lærdal.» Denne lovnaden vart ikkje innfridd i 2015. Fylkeskommunen hadde tre omstillingsområde i 2015 og fekk 9 mill.kr til omstillingsføremål, der 3 mill.kr var øyremerka omstillingsarbeidet i Lærdal. Dette var ei løyving Lærdal ville ha fått som ei «normalløyving» frå fylkeskommunen uavhengig av dei ekstra utfordringane kommunen fekk på dei fleste område etter storbrannen i januar 2014.

Fylkeskommunen skreiv dette til KMD i august 2015: «Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at det i statsbudsjettet for 2016 vert løyvd til saman 8,5 mill. kr til oppfølging av omstillingsarbeidet i Askvoll og Lærdal. Vi viser i denne samanhengen til utfordringane i Lærdal som departementet har lovd å ta omsyn til i omstillingsramma til Sogn og Fjordane, jfr. brev frå departementet til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane dagsett 23.05.2014.»

KMD tok omsyn til dette og løyvde 9 mill.kr til Sogn og Fjordane til omstillingsføremål i 2016. Dette er midlar som også kan disponerast til andre tiltak innafor området regionale utviklingstiltak. Fylkeskommunen sette av 6 mil.kr til omstillingsføremål. Resten vart disponert til andre tiltak innafor regional utvikling (kap. 550, post 60). Fylkesdirektøren meiner det er rett å legge til rette for å øyremerke delar av restmidlane som vert overført til omstillingsføremål i Lærdal i 2018. Dette er det siste året i Lærdal sitt omstillingsprogram. Vilkår er at kommunen har realistiske planar med kostnader og eit innhald som tilfredsstiller retningslinene for

omstillingsløyvingar og midlar frå kap 550 post 60, og at kravet om lokal medfinansiering er oppfylt. Lærdal har fått dei midlane dei har søkt om alle åra unnateke 2014. Då søkte kommunen om 3 500 000 kr og fekk 3 440 000.